

Årsmelding for Hordaland helsefagsskole 2015-2016

Årsmeldinga frå Hordaland helsefagsskole oppsummerer dei viktigaste funna i student-, lærar- og sensorvurderingane som er gjennomførte i 2015/2016-klassane.

Denne årsmeldinga gjev vonleg naudsynt informasjon til Hordaland Fagskulestyre om læringsmiljøet og kvalitetssikringsarbeidet ved helsefagsskolen og kan såleis danne grunnlag for vidare oppfølging frå administrasjonen og fagskulen.

Hordaland helsefagsskole har i meldingsåret hatt følgjande klassar:

1. FHH01D Psykisk helsearbeid	- Stend	2 /2år -2014-2016
2. FHH01D Psykisk helsearbeid	- Stend	1 /2år -2015-2017
3. FHH04D Rehabilitering	- Fitjar	1 /2år -2014-2016
4. FHH01D Kreftomsorg og lindrande pleie	- Stend	2 /2år -2014-2016
5. FHH08D Rus og avhengigheitsproblem	- Stend	2 /2år -2014-2016
6. FHH10D Spesialreinhald og sterilforsyning	- BTF	1 /2år -2015-2017

1.0 Generelle kvalitetsindikatorar

Kvalitetssystemet etterspør kvantitative data på tal og nivå på søkjarar, eksamensresultat og gjennomstrømming.

Område	Mål	Kritisk	2012-2014 klassane	2013-2015 klassane	2014-2016 klassane	2015-2017 klassane
Tal studentar starta			50	43	32	40
Tal sluttarar undervegs 1.år	Max 10%	Max 20%	-9 (18,0%)	-5 (11%)	-12 (37,5%)	-9 (22,5%)**
Tal sluttarar undervegs 2.år	Max 5%	Max 10%	-3 (4,0%)	-3 (7,0%)	-2 (6,25%)	~
Tal fullført av starta	Min 85%	Min 70%	38 (76,0%)	35 (81,3%)	18* (56,25)	~
Tal bestått av starta	Min 85%	Min 70%	38 (76,0%)*	35 (81,3%)	18 (56,25)	~

*) 2 studentar har hatt permisjon og vil fullføra komande skuleår.

**) Av 40 studentar som starta hausten 2015, slutta 7 studentar i tidleg i 1 termin, 2 slutta tidleg 2. termin. Sluttarane er registrerte på desse avbrotskategoriane: feilval, språkvanskar, arbeidsmengde (kombinasjon jobb, studiar og familie) og student flytta til anna fylke og skifta skule.

Leiinga si vurdering.

I talet på startarar er berre tatt med dei som faktisk møter til oppstart. Søkjarar som tar i mot plass, er ofte høgare enn dei som faktisk startar; det er relativt stort fråfall / ikkje møtte. Fleire studentar sluttar første hausten, ofte berre nokre veker etter oppstarten.

Potensielle søkjararar som kontaktar skulen, vert rettleia om kor krevjande studiane kan vera, og at god avtale med arbeidsgjevar er viktig. Det får kanskje ned talet på søkjarar, men kan sikra større gjennomføringskraft hos dei som startar! Kommenterar frå studentane i årets evaluering poengterer kor viktig velvilje frå arbeidsgjevar er.

2.0. Vurdering av utdanningstilbodet

Studentsvara er henta frå spørjeundersøkingar lagt ut på it's learning. For å samla litt kvalitativ informasjon, har me i år lagt inn kommentarfelt til fleire av spørsmåla, desse vert kommenterte under aktuelle tema.

Svarprosenten hos studentane er på 57 %, trass mange purringar. 57% av lærarane har svara, og 100% av sensorane har svara. Resultata er presentert i ulike statistikkar. Sidan spørjeskjema til studentar og lærarar har fleire samanfallande punkt, vert svara framstilte "kronologisk" nedanfor.

Studentane sine evalueringar er studerte klassevis; til saman 6 klassar, men fleire av klassane har så låg svar-% at me vel å ikkje publisera enkelttal for klassane. Skulen vel difor å presentera resultata etter kva årstrinn studenten har gått på/ evaluert. Opplærings-avdelinga får tilsendt alle tal /scora, for å ha godt grunnlag for skulevurderinga.

Der me ser markante tendensar, vil desse verta kommenterte særskilt. Sensorkommentarar er samla i ein liten bolck, og til slutt gjev leiinga si vurdering og oppsummering av evalueringane.

Kvalitetsindikatorar. Dei siste årsmeldingane sette me opp resultata i tabell opp mot skulens kvantitative mål (sendt HFK pr april-14). Det er interessant å samanlikna desse 2 åra i lys av fargekodane.

Kritisk nivå på dei ulike områda er sette til snittskår på 4,0. Me har markert med trafikklysfarge på scora for å signalisera kor me ligg vs egne mål:

Godkjent +	Ikkje optimalt	Ikkje godt nok
------------	----------------	----------------

EVALUERINGANE – score og kommentarar

A. Innhald i utdanninga – fagplanen

Kor godt kjenner studentane fagplanen for utdanninga

ÅR	2013/ 2014	2014/ 2015		2015/ 2016	
		Trinn		Trinn	
Trinn	Begge	1.trinn	2.trinn	1.trinn	2.trinn
Snitt registrert score 1 og 2 trinn	~	4,7	4,9	5,5	4,8
Snitt skår	4,5	4,8		5,1	
Kvalitetsmål for temaområdet	4,5	4,5		4,5	
Kritisk nivå	4,0	4,0		4,0	

I kva grad meiner studentane at opplæringa er i samsvar med opplæringsplanen

ÅR	2013/ 2014	2014/ 2015		2015/ 2016	
		Trinn		Trinn	
Trinn	begge	1.trinn	2.trinn	1.trinn	2.trinn
Snitt registrert score 1 og 2 trinn	~	4,5	5,3	5,2	4,5
Snitt skår	5,0	4,8		4,8	
Kvalitetsmål for temaområdet	4,5	4,5		4,5	
Kritisk nivå	4,0	4,0		4,0	

Lærer sin vurdering av skulen sin opplæringsplan

ÅR	2013/ 2014	2014/ 2015	2015/ 2016
Snitt skår	5,1	5,2	5,5
Kvalitetsmål for temaområdet	4,5	4,5	4,5
Kritisk nivå	4,0	4,0	4,0

Studentkommentar: Har du kommentar til ev. sterke / svake sider ved fagplanen?

- *Til tider litt forvirrende med innleveringsfristene, men ellers synes jeg det har blitt bedre og bedre. Det har vært ei læring dette og, spesielt siden det er ei stund siden vi gikk på skole.*
- *god og oversiktlig og forståelig lære/fagplan.*
- *Savnet mer inngående kjennskap til synlig gjenkjenning av de forskjellige rusmidler på pasient/bruker. Dette for å kjenne til hva de er rusa på og hvordan/hvilke påvirkning de enkelte rusmidler gir av utslag i form av adferdsendring.*
- *For den som har en del utdanning fra før er tema 1 stort sett repetisjon, og man kunne kanskje søkt fritak, men så er det det å ha kontakt med klassen... Ellers føles det av og til som om det er mer vekt på hvordan vi skriver oppgaver enn hva vi skriver.*
- *skulle ønske vi hadde fått mer undervisning om kreft og behandling. Det har blitt for mye undervisning om ting som vi har hatt i våres hovedutdanning og som vi har jobbet med i mange år.*
- *fagplanen har vært oversiktlig og grei*
- *Opplever fagplanen dekker de gjeldene punktene som er rammen for denne aktuelle videreutdanningen*

Lærarmerknader om eventuelle sterke sider ved fagplanen:

- *Detaljert og oversiktleg, men bør revideras fordi han er gammel.*
- *Den beskriv svært bra kva studentane skal læra*

Lærarmerknad om eventuelle svake sider ved fagplanen:

- *Dei siste åra har eg tenkt at det gjerne hadde vore ei betre løysing å ha praksis i 10 veker samanhengande og kutta ut dei 2 hospiteringsvekene i forbindelse med fordjupningsoppgåva. Det viser seg at studentane har problemer med å skaffa seg hospiteringsplassar, og det vert eit frustreringsmoment i modul 5. I desse dagar har me revidert fagplanen med tanke på læringsutbyttebeskrivingar og forandringar frå modular til emner.*

Kommentarar frå leiinga:

Etter innføring av læringsutbyttebeskrivelser og omlegging frå «modul» til emne», er lærarane i gang med implementering av desse. Fos somme sstudentar / praksisrettleiarar kan desse formuleringane synast noko luftige, så eit mål blir å få konkretisera desse.

B. Undervisninga
Studentane sin tilfredsheit med organiseringa av opplæringa?

ÅR	2013/ 2014	2014/ 2015		2015/ 2016	
		1.trinn	2.trinn	1.trinn	2.trinn
Trinn	begge				
Snitt registrert score 1 og 2 trinn	~	4,0	4,9	5,4	4,4
Snitt skår	4,6	4,7		4,8	
Kvalitetsmål for temaområdet	4,5	4,5		4,5	
Kritisk nivå	4,0	4,0		4,0	

Studentane sin mening om framdrifta i opplæringa

ÅR	2013/ 2014	2014/ 2015		2015/ 2016	
Trinn	Begge	1.trinn	2.trinn	1.trinn	2.trinn
Snitt registrert score 1 og 2 trinn	~	4,2	4,9	5,2	4,7
Snitt skår	4,8	4,7		4,8	
Kvalitetsmål for temaområdet	4,5	4,5		4,5	
Kritisk nivå	4,0	4,0		4,0	

Studentane sin tilfredsheit med det faglege nivået på opplæringa

ÅR	2013/ 2014	2014/ 2015		2015/ 2016	
Trinn	begge	1.trinn	2.trinn	1.trinn	2.trinn
Snitt registrert score 1 og 2 trinn	~	4,2	5,0	5,4	4,3
Snitt skår	4,9	4,8		4,7	
Kvalitetsmål for temaområdet	4,5	4,5		4,5	
Kritisk nivå	4,0	4,0		4,0	

Lærer sin vurdering av undervisningstilbodet (eks praksis)

ÅR	2013/ 2014	2014/ 2015	2015/ 2016
Snitt vurdering	5,3	4,3	5,0
Kvalitetsmål for temaområdet	4,5	4,5	4,5
Kritisk nivå for temaområdet	4,0	4,0	4,0

Lærarmerknader om sterke sider ved undervisningstilbodet:

- *Har prøvd å variere undervisninga og i tillegg invitert nokre eksterne forelesarar. Me har også vore på fleire ekskursjonar, noko studentane synes er veldig spennande og lærerikt.*
- *Vi har fleire undervisere, som er oppdaterte innan faget - dette gjev eit godt undervisningstilbod.*
- *Praksis på egen arbeidsplass i emne 5. Utviklingsprosjekt på egen arbeidsplass*

Lærarmerknader om svake sider ved undervisningstilbodet:

- *Det siste året har eg hatt klassen åleine og med få 3 studentar vert det veldig sårbart. Me kjem tett på kvarandre og det er ikkje så store flokken som kan diskutera saman.*

Kommentarar frå leiinga

Me finn variasjon i skår her, og det er tydeleg at nokre studentgrupper har vore jamt over mindre fornøgd dei 2 åra, jf. gule tal på fagleg nivå: 1.årstrinn i 2014-15 er 2.årstrinn i 2015-16.

Eit «trøyst» er at eksamensresultatet med ekstern sensor gav heller gode resultat på desse gruppene!

C. Arbeidsmetodar
Studentane si mening om grad av variasjon i arbeidsmetodar

ÅR	2013/ 2014	2014/ 2015		2015/ 2016	
Trinn	Begge	1.trinn	2.trinn	1.trinn	2.trinn
Snitt registrert score 1 og 2 trinn	~	4,4	4,4	5,0	4,5
Snitt skår	4,5	4,8		4,7	
Kvalitetsmål for temaområdet	5,0	5,0		5,0	
Kritisk nivå	4,0	4,0		4,0	

Lærer si vurdering av rettleiinga til studentane

ÅR	2013/ 2014	2014/ 2015	2015/ 2016
Snitt vurdering	5,1	5,0	5,3
Kvalitetsmål for temaområdet	5,0	5,0	5,0
Kritisk nivå for temaområdet	4,0	4,0	5,0

Studentkommentar: Har du kommentar til arbeidsmetodar - variasjon i undervisninga?

- *Jeg må være god på å holde fokus på det arbeidet som skal gjøres. Være aktiv.*
- *f. eks rollespill undervisningsopplegg, så er det jo kjekt når det er overstått, men bruker utrolig mye energi bare på å grue seg rundt dette.*
- *Fremføringer og rollespill stilte jeg meg spørrende til i begynnelsen. Jeg kan i ettertid se verdien en gjør seg ved slike fremføringer og praktiske oppgaver som rollespill. På den måten blir det krevd mer av oss som studenter og læringen blir mer effektiv. Vil selvfølgelig også nevne loggen som et fantastisk verktøy. Modul 5, var bekymret i starten men ser verdien i form av fremføringene underveis. Det har gjort at jeg har vært påskrudd til oppgaven gjennom hele modulen og delmål som må innfris i løpet av modulen*
- *Ser ikke poenget med rollespill. Veldig urettferdig at det blir vurdert med karakter, for formidlingen blir greitt dårligere for oss som ikke er skuespillere.*
- *Fagmiljøet rundt emne 2 er nært knyttet opp til våres egne ledere. Noen forelesere er våres egne ledere i arbeidslivet. De er kunnskapsrike og flinke, men det kan bli litt ubehagelig. For min del hadde jeg likt å hatt forelesere helt utenfra som ikke var tilknyttet min arbeidsplass.*
- *Det har vært greit med variasjon i undervisningen, der vi har fått delta i diskusjoner, drama og aktiviteter. Noen få ganger har det blitt litt for mye stillesitting.*
- *har vært bra med power point v/undervisning og gode diskusjoner. Lært mye ved å framføre gruppearbeid for hverandre.*

Lærarkommentarar til**Sterke sider ved rettleiinga**

- *Grundig via mappevurdering, rettleingsgrupper og e-loggar. Studentane får mykje individuell rettleiing.*
- *Ei positiv side kan vera at når det er så få studentar vil dei også få mykje veiledning, både i klasserommet og på Its Learning.*
- *alle studentane er med i prosjekt, slik at eg også kan rettleia dei i feriar og andre dagar eg ikkje ser studentane...*
- *Individuell rettleiing tilgjengeleg på its`learning, direkte dialog/samtalemøter og sms i heile praksisperioden. Også helger*

Svake sider ved rettleiinga

- *Det er ikkje alltid studenten svarar på rettleiinga, medan andre studentar meiner ein (lærer) skal svara med ein gong.....*

Kommentarar frå leiinga:

Studentane er jamt over godt nøgde med tilbodet, men variasjon i arbeidsmetodar er ikkje alltid det studentane etterspør. Somme 1.årsstudentar har vegring for aktivitetar som krev involvering i klassen, noko kommentarane også uttrykkjer. Men haldinga til dette er oftast betra siste året, altså er det truleg ei trenings- / tilvenningssak.

Praksistilbudet – gjeld berre 2.årstrinn

Studentane si meining om Praksistilbudet - fagleg nivå (kun 2.årsstudentar har svara)

ÅR	2013/ 2014	2014/ 2015	2015/ 2016
Snitt skår	Vart ikkje spurt om	4,7	4,2
Kvalitetsmål for temaområdet		4,5	4,5
Kritisk nivå		4,0	4,0

Studentane si meining om Praksistilbudet organisering (kun 2.årsstudentar har svara)

ÅR	2013/ 2014	2014/ 2015	2015/ 2016
Snitt skår	Vart ikkje spurt om	4,3	4,3
Kvalitetsmål for temaområdet		4,5	4,5
Kritisk nivå		4,0	4,0

Lærarscore på praksistilbudet

ÅR	2013/ 2014	2014/ 2015	2015/ 2016
Snitt vurdering	4,5	5,2	5,2
Kvalitetsmål for temaområdet	4,5	4,5	4,5
Kritisk nivå for temaområdet	4,0	4,0	4,0

Lærarkommentarar til praksistilbudet:

- Studentane har fått vera på praksisplassar dei hadde ønske om i forkant. Dei hadde gode veiledarar på praksisplassane og lærte mykje.

Kommentarar frå leiinga:

Nokre av tilboda vår har gjeve høve til å ta praksis på eigen arbeidsstad, dersom den er fagleg relevant for studiet. Andre får tildelt praksis i ulike helsetenester, etter kapasiteten til kommunane / helseføretaka. Me prøver tilpassa etter kva ønskje studenten måtte ha. Sjå elles kommentarane til slutt i denne meldinga.

D.Utstyr og anna infrastruktur

Studentane sin tilfredsheit med tilrettelegging for bruk av IKT

ÅR / STUDIESTAD	2013-14	2014-15	2015-2016		
Snitt vurdering stad	~	~	BTF	STEND	FITJAR
	~	~	5,3	4,7	4,8
Snitt vurdering alle	4,4	3,9	5,0		
Kvalitetsmål for temaområdet	5,0	4,5*	4,5*		
Kritisk nivå for temaområdet	4,0	4,0	4,0		

Studentane sin tilfredsheit med lokalitetane på skulen

ÅR / STUDIESTAD	2013-14	2014-15	2015-2016		
Snitt vurdering stad	~	~	BTF	STEND	FITJAR
	~	~	5,4	3,9	5,4
Snitt vurdering alle	4,0	4,1	4,8		
Kvalitetsmål for temaområdet	5,0	4,5*	4,5*		
Kritisk nivå for temaområdet	4,0	4,0	4,0		

Studentane sin tilfredsheit med utstyret på skulen

ÅR / STUDIESTAD	2013-14	2014-15	2015-2016		
			BTF	STEND	FITJAR
Snitt vurdering stad	~	~	5,4	4,2	5,0
Snitt vurdering alle	4,2	4,4	4,8		
Kvalitetsmål for temaområdet	5,0	4,5*	4,5*		
Kritisk nivå for temaområdet	4,0	4,0	4,0		

Studentane: Har du kommentar til IKT / lokale / utstyr.
Stend

- *Bedre lysforhold til power point. tilkoblinger mellom power point og pc. Lydforhold. Vonde stoler.*
- *Harde stoler, dårlig skjerm og ledning for felles visning (ved tavlen)*
- *Vi har ganske ofte problemer med å logge oss på nettet.*

BTF

- *En del ekko i lokalet av og til, og som nettstudent skulle jeg ønske det var en mulighet for å høre kommentarene fra stedstudentene uten at de må refereres av lærer, da ikke alt blir referert.*
- *Av og til vanskelig å komme inn på nettet.*
- *Fornøyd! :)*

IT-konsulent /Fusa vgs

- *Men hvis vi har problemer med PC får vi rask og god hjelp*
- *Utrolig bra hjelp til alle spørsmål om ikt.*
- *Veldig fornøyd.*
- *Dyktige og fått kjapt hjelp når jeg har ringt.*

Kommentarar frå leiinga:

*) Me valde i 2104 å setja høgt måltal her, men sidan Hordaland helsefagsskole ikkje har stort mynde i spørsmål om infrastruktur (IKT, lokale og utstyr) på dei 3 skulane der me låner hus. Difor sette me måltalsnitt på 4,5 her også, og no har me god margin!

Tilhøva på Stend vgs har i år vore noko betre etter utbygginga, men der har vore trangt og ikkje enkelt å funna høveleg lokale til vår små grupper. Overgangen til Bergen tekniske var positiv for den store «Steril-klassen» vår. Frå hausten 2016 vert alle bergensklassane våre samla i Haugevegen, noko me ser fram til.

E. Samarbeid med næringslivet
Studentane sin meining om skulen sin grad av samarbeid med næringsliv

ÅR	2014/ 2015		2015/ 2016	
	1.trinn	2trinn	1.trinn	2.trinn
Snitt registrert score 1 og 2 trinn	3,3	4,6	4,3	3,6
Snitt skår	4,2		3,9	
Kvalitetsmål for temaområdet	4,5		4,5	
Kritisk nivå	4,0		4,0	

Lærer si vurdering av grad av samarbeid med næringa

ÅR	2014/ 2015	2015/ 2016
Snitt vurdering	5,0	4,8
Kvalitetsmål for temaområdet	5,0	5,0
Kritisk nivå for temaområdet	4,0	4,0

Kommentarar frå leiinga:

Helsefagstudentane møter sitt næringsliv på 3 måtar:

- Som arbeidstakarar; om samarbeid og tilrettelegging for studiet for tilsette
- Som student; opplevingar på ekskursjonar, gjesteforelesarar ol.
- Som praksisstudentar; om kor / korleis / når studenten får praksisplass.

Studentkommentar

Spørsmålet har tidlegare vore vanskeleg å kommentera, men i år la me inn kommentarfelt som eit forsøk på å fanga kva studentane tenkte. «*Har du kommentar omkring samarbeid med arbeidslivet, hjelp og tilrettelegging frå arbeidsgjevar under studie, ekskursjonar, gjesteforelesarar, tilrettelegging under praksis (frå eigen arbeidsgjevar / praksisplassen)?* Formuleringa frå oss opna «dessverre» opp for at studentane tenkte meir på eigen arbeidsgjevar enn på arbeidslivet / helsesektoren generelt:

- *Det er veldig spennende med gjesteforelesere som jobber med og er spesialister på sine felt.*
- *Jeg var endel sykemeldt første året, og arb .giver la ofte sykemeldingsdagene til skoledagen selv om jeg gikk på skole. Jeg var gradert sykemeldt, og måtte derfor jobbe mer enn jeg egentlig skulle.*
- *Regner med at det da gjelder Helse Bergen, da jeg ikke ser noen annen relevant næringsdrivende. Skal på omvising nå, så det er vanskelig å svare på, men lærekreftene/foreleserne fra HB har vært flinke og interessante.*
- *Arbeidsgiver har vært veldig behjelpelig slik at jeg skulle kunne gå på skolen. Har også fått litt hjelp når det behovet har vært der.*
- *Har ikke hatt problemer med tilrettelegging fra arbeidsgiver, bare møtt velvillighet rundt dette, og alle synes det er et løft for avdelingen. Spennende forelesere, flinke, tålmodige og hyggelige lærere som er forståelsesfulle og imøtekommende. Gir deg inntrykket av at de faktisk spiller på samme lag som deg, og oppriktig er der for å gjøre alt for å få lose oss trygt igjennom dette. Kjempeflotte eskursjoner, og flott opplegg rundt dette.*
- *Hospiterings praksis (2 uker) burde blitt lagt til den 8 ukers praksisen, da det viser seg at vi har hatt store problemer med å få hospiteringsplasser. Det å bruke 10 dager hver i hospitering for en oppgave på 7000 ord er også veldig mye*
- *God tilrettelegging gjennom praksisen. Har i tillegg fått nyttig kurs, VIVAT Har også deltatt på andre vesentlige og sentrale forelesninger.*
- *Ledelsen på jobb har vært veldig positive til at jeg tok videreutdanningen, og har vært flinke til å tilrettelegge for meg. Det har vært tilrettelagt godt både under praksis fra egen arbeidsgiver/praksisplass. Det har ikke vært rom for ekskursjoner og gjesteforelesere i praksisperioden.*
- *Eg har fått tilrettelagt til å gå på skule fra min arbeidsplass. Permisjon med lønn kvar Onsd. Dette var avgjørende for at eg tok videreutdanning.*
- *arbeidsgiver har vært velvillig ved å gi meg noen dager med permisjon med lønn, når jeg har vært på skole og i praksis. tilretteleggingen under praksisen har vært bra fra min avdelingsleder.*
- *kjekk ekskursjon til Haugaland i Sogn og fjordane.*

- Arbeidsgiver har vert behjelpelig med tilrettelegging under praksis
- Er stor sett fornøyd! :)

F. Fordjupingsmodul / hovudprosjekt – gjeld berre 2.årstrinn

Studentane sin mening om grad av fagleg utbytte av fordjupingsmodul /hovudprosjekt/

ÅR	2013/ 2014	2014/ 2015	2015/2016
Snitt vurdering	4,4	5,1	5,0
Kvalitetsmål for temaområdet	4,5	4,5	4,5
Kritisk nivå for temaområdet	4,0	4,0	4,0

Studentane sin mening om organisering av fordjupingsmodul /hovudprosjekt/

ÅR	2013/ 2014	2014/ 2015	2015/2016
Snitt vurdering	4,0	4,3	4,2
Kvalitetsmål for temaområdet	4,5	4,5	4,5
Kritisk nivå for temaområdet	4,0	4,0	4,0

Kommentarar frå leiinga:

Den auken me noterte førre år, er tydelegvis ikkje systembasert, men relatert til kven som faktisk svarar. På dette spørsmålet var det dessverre ikkje lagt inn kommentarfelt til studentane, så me må berre finna forklaring i andre kommentarar. Me veit at Krefststudentane ikkje trivest med 2 vekers hospiteringspraksis i fordjupingsmodulen, og at andre studentar ikkje likte å måtta framleggja oppgåva si til medstudentar / andre, noko som er eit obligatorisk krav i høve eksamen. Trøysta er at eksamensresultata vart over snittet bra !

G. Det totale læringsmiljø

Tilfredsheit med det totale læringsmiljøet

ÅR	2013/ 2014	2014/ 2015		2015/ 2016	
		1.trinn	2.trinn	1.trinn	2.trinn
Trinn	begge				
Snitt registrert score 1 -2 trinn	4,7	4,3	5,1	5,5	4,3
Snitt skår	3,9	4,8		4,9	
Kvalitetsmål for temaområdet	4,5	4,5		4,5	
Kritisk nivå	4,0	4,0		4,0	

Andre kommentarar frå lærarane

- Denne evalueringa er i realiteten ikkje anonym fordi vi er så få lærarar.
- Opplevde stor velvilje i dei kommunane / praksisplassane studentane var i praksis. Dei gjev uttrykk for viktigheten av denne utdanninga og at det er flinke studentar som er i praksis.
- Vi har praksismøte i august, som også tek for seg praksisen i januar 2017

Studentkommentarer til utdanningstilbudet:

Andre kommentarer til utdanningstilbudet? Har du gode råd til lærarar og seinare studentar?

- Dette er et meget viktig utdanningstilbud. Et litt glemt ledd i helsevesenet. (Steril)
- Fortsett den gode jobben. Få noen høyere oppe i systemet til å undervise, f.eks lærere i operasjonsykepleierfaget spesielt i emne 2. Det hadde vært tryggere for elevene i henhold til å vite at man får rett informasjon i forhold til regler og forskrifter.
- Les all informasjon veldig mye og nøye. Merke dager for innleveringsfrister. Lære alle lærere å gjenta spørsmål fra klassen.
- Synes dette tilbudet er utrolig bra, ikke minst pga nettstudiemuligheten, dette er jo grunnen til at jeg kunne søke meg inn på dette studiet. Vi er første kullet med denne muligheten og håper for andre fremtidige studenter sin del at det fortsetter. Til Studenter: ikke fortvil i starten, når alt virker som et totalkaos, og dere tror dette kommer ikke til å gå, dette får jeg ikke til, både datateknisk og oppgaveteknisk. Ikke fortvil, Det kommer fort til deg, og ikke vær redd for å trykke og lete. Les godt hvordan ting skal gjøres, og hva kravene er, så sitter det plutselig. Til lærere: fortsett å vær like tydelige, tålmodige og smilende, når det kommer nye kull med frustrerte elever som har totalt ulike forutsetninger og utgangspunkt når de starter på studiet. **Dere har ufarliggjort det, og vært beroligende tross for at det kakles hysterisk i alle ender:)**
- Bygge på fagkompetansen til elevene med mer faglig påfyll eksternt. Flere ekskursjoner i rusfeltet
- Fikk hjelp til IKT når jeg trengte det. HAR hatt noen utfordringer med å være på nettet gjennom skolen. Har løst dette seg med å være på Ipad i skoletiden hvis behovet har vært tilstede. Nesten all undervisningen har foregått med Power Point og læring i klasserommet. Heldig og hatt stort sett et fast klasserom. Fått de skriveprogrammene vi hadde behov for. Heller ikke mange dyre bøker som måtte kjøpes inn. Flotte Power Point fra hver undervisning ble lagt ut etter undervisningen i tillegg til nyttige linker.
- Svært kaldt i klasserommene.
- Høyt støynivå fra utendørs arbeider. Høyt støynivå fra naborom. Iskalde klasserom.
- Gjenta det vi har gått igjennom opp til flere ganger så det sitter. god variasjon i undervisningen er viktig, så vi ikke detter av lasset. Det synes jeg lærerne for det meste har fått til
- Eg er veldig fornøyd med læringsutbyttet i dette studie. For oss som er voksne studenter med jobber utenom studie, er det veldig viktig at planen er fastsatt. Da det ofte må planlegges i lang tid før en foreksempel skal ha praksis. En må da gjerne jobbe inn slik at en kan ha lønn i praksisperiode.
- fortsette med det gode arbeidet som er blitt gjort disse to årene. til nye studenter; det er gøy å lære noe nytt og videre utvikle seg selv, faglig påfyll!
- Er svært fornøyd med lærerne vi har hatt. Er kjekke og positive.

Kommentarer frå leiinga:

Her er jamt over godt nøgde kommentarer, og 1.årsstudentane er særst positive. 2. studentane var relativt skeptiske, slik dei aktuelle studentane var i fjor. Men alle kom igjennom med gode resultat, det får vera eit poeng å ta med seg. I kommentarane finn me også gode råd til seinare studentar, desse tar me med oss i helsinga til dei nye. Nokre av ønskja om meir ekspertise inn i forelesingane, har me ikkje økonomi til å stetta fullt ut, men saman med fagleg ansvarlege utviklar me stadig ekskursjonsmål og inviterer inn gjesteførelesarar der dette ikkje krev for store ressursar. At faglærarane får så heiderleg omtale, er kjekt for alle partar, og inspirer til å halda fram det gode arbeidet.

2.1 Sensorvurdering av utdanninga **OBS: Nytt skjema : skala 1-5**

I samråd har fagskulane i Hordland i år nytta eit litt justert evalueringsskjema til sensorane, det hadde litt anna vurderingsskala (1-5) mot den andre skalane (1-6) .

Kor godt synest du eksamen er tilpassa læringsutbytebeskrivelsane / dei overordna læringsmåla?

FAGOMRÅDE	PSYKISK	KREFT	RUS-AVH.	Rehabilitering
Snitt vurdering	5	5	5	5
Kvalitetsmål for temaområdet	4,5	4,5	4,5	4,5
Kritisk nivå for temaområdet	4,0	4,0	4,0	4,0

Kor godt synest du innhaldet i emnet er tilpassa arbeidslivet sitt behov?

FAGOMRÅDE	PSYKISK	KREFT	RUS-AVH.	Rehabilitering
Snitt vurdering	5	5	5	5
Kvalitetsmål for temaområdet	4,5	4,5	4,5	4,5
Kritisk nivå for temaområdet	4,0	4,0	4,0	4,0

Nivået på læringsutbytebeskrivelsane/ dei overordna måla er

Snitt vurdering	5	4,5	5	4,5
Kvalitetsmål for temaområdet	4,5	4,5	4,5	4,5
Kritisk nivå for temaområdet	4,0	4,0	4,0	4,0

I kva grad er det samsvar mellom dei ulike tema i emna

Snitt vurdering	5	4,5	5	5
Kvalitetsmål for temaområdet	4,5	4,5	4,5	4,5
Kritisk nivå for temaområdet	4,0	4,0	4,0	4,0

Korleis er vektinga mellom dei ulike tema i emna

FAGOMRÅDE	PSYKISK	KREFT	RUS-AVH.	Rehabilitering
Snitt vurdering	5	4,5	5	5
Kvalitetsmål for temaområdet	4,5	4,5	4,5	4,5
Kritisk nivå for temaområdet	4,0	4,0	4,0	4,0
FAGOMRÅDE	PSYKISK	KREFT	RUS-AVH.	Rehabilitering

Sensorkommentarar til oppgåver og eksamensform

Forslag til tiltak som kan betra utdanninga

Studentene hadde ikke så god erfaring med hospiteringen. Bør avtalen med hospiteringsplassen være bedre? Hva forventer studentene? Hvordan blir hospiteringen lagt til rette så studentene får mest mulig ut av perioden? (Kreftsensor)

Forslag til tiltak som kan betra eksamensgjennomføringa

*Om mulig burde det være et meir luftig rom. Ble noe tungt inneklima etter hvert (Stend)
Gjennomføringa var grei. (Kreftsensor)*

2.2 Eksterne interessentar si vurdering av utdanningane

Helsefagskulen får sine tilbakemeldingar frå eksterne interessentar gjennom samarbeid om praksis. Institusjonane / avdelingane er oftast svært nøgde med det faglege nivået på studentane, og mange rettleiarar melder om positive gevinstar på dei avdelingane som har hatt student i praksis. Det hender også at studentar får tilbod om ny jobb på praksisstadane sine.

Som gode døme er reportasje frå Os Kommune /Luranetnet og Haukeland US.


Etter kvart har Helsefagskolen eit breitt nettverk som gjev oss gode høve til studiebesøk / ekskursjonar til ulike institusjonar, og me er stadig velkome tilbake, sjølv små studentgrupper får godt tilrettelagte infodagar/ omvisingar ulike stader. Det tar me til inntekt for at mange interessentar er positive til skulen og utdanningane.

2.3 Leiinga si oppsummering og vurdering av utdanningane

Årets snitt-evalueringar gjev ikkje store variasjonar samanlikna med tidlegare år, men me finn relativt stor spreiding i skåra. Somme studentar har vore meir kritiske enn andre særleg på punkt om praksis og fordjupingsoppgåva. I vår utviklingsplan for 2016 hadde me sett fokus på dette.

Resultata i undersøkinga er gjennomgått og drøfta med faglærarane, deretter er denne meldinga skriven av avdelingsleiar og drøfta med rektor.

Eikelandsosen, 29.08.2016


Tor Johannes Hjertnes
Rektor


Mette Holmfjord Olsen
Avdelingsleiar